

Kyrkjeblad



for Vestre Slidre



Jesus sa:

«Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre. På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre.»

Joh. 13, 34-35



Håp i tider som er utanom det vanlege

Dagane er så annleis, Vi har høyrte om koronaviruset ei tid no, Covid - 19, og vi tenkte at det var synd på alle som er råka av dette. Stakkars dei. Men brått er det her hjå oss òg, og vi er inne i ei tid som er annleis.

Annleis dagar. Dagar der vi held fysisk avstand, men søker å halde saman i å lyfte fram gode fellesverdier knytte til å bry oss om kvarandre. Ikkje minst vera merksame på at nokon treng ein ekstra prat på telefonen eller ei helsing no. Det handlar om å gje eit handtrykk på andre måtar enn det vi gjer til vanleg.

Over heile verda kjenner menneske på utfordringane ved Covid - 19. Og nokon er meir sårbare og utsette enn andre både her heime og elles.

Mange er redde, kjenner dødsangst, kjenner sagn etter det normale, lengt etter det som var.

Fleire av oss er rørt av slike tankar og kjensler. Slik trur eg det var for læresveinane som fylgde Jesus. Dei såg at Jesus reiste menneske opp og at han ikkje gjekk forbi dei utstøytte, men ga mange det handtrykket, det håpet dei trengde. Læresveinane opplevde også at han vart klaga, krossfesta, døydde. Og dei syrgde djupt. Då påskedagen kom, var dei framleis både i sorg og sagn, og eg trur også dei var redde i det som var annleis dagar for dei.

Nokre av kvinnene gjekk til grava. Det dei opplevde der, fylte dei med frykt, men også med stor glede. Kanskje litt i slekt med det ein kjenner med eit nyfødt lite liv i hendene. Undring, spenning, skjelving framfor ei ukjend framtid og intens, klar lykke.

Vi kan ha mange tankar om påska og påskeforteljingane. Eg vil lyfte fram det store i Jesu liv, døden hans på krossen og oppstoda hans kastar lys over tilværet vårt i livet, døden og inn i æva.



Lyset frå Kristus omgjev oss som ein soloppgang. Ja, som ein stille, stille soloppgang som styrker tru, håp og kjærleik. I klangen frå det vil eg sitere lyrikaren Arnold Eidslott som snakkar om kor viktig det å søkje ei høgare gjerning. Han seier det er fødsel at to hender møtest. Akkurat no gjev vi kvarandre handtrykk på andre måtar enn elles, men framleis gjeld det som står i diktet.

Håndtrykket

*Gå sakte, menneske
søk en høyere gjerning
Trykk en lidendes hånd*

...

*Gå sakte og let
etter de rådløses hender
hvert håndtrykk føder en stjerne*

ARNOLD EIDSLOTT

Eg ynskjer dykk ei velsigna påske.

Må Gud velsigne og vare dykk.

Solveig Fiske
HAMAR BISKOP

Berit Kristin Klevmoen frå Brumunddal gler seg til å ta fatt på jobben som ny sokneprest i Lomen, Røn og Slidre sokn

Berit Kristin (54) kjem flyttande frå Brumunddal for å bli ny sokneprest i Vestre Slidre: – Hå meg skal døra alltid stå open!



Berit Kristin Klevmoen frå Brumunddal er tilsett som ny sokneprest i Lomen, Røn og Slidre sokn. – Eg gler meg stort til å koma til Vestre Slidre og Valdres, seier ho.

Berit Kristin Klevmoen vart ordinert til prest sommaren 2019, etter 22 år som kateket. Ho jobbar no som rådgjevar for trusopplæring ved Hamar bispedømmekontor, men i august tek ho fatt på jobben som sokneprest i Vestre Slidre.

– Det som tek meg til Valdres og Vestre Slidre er rett og slett vakkerheita. Eg kjenner ikkje staden som noko anna enn eit reisemål, så eg byrjar heilt på scratch. Men eg synest Valdres er eit fantastisk dalføre, med flotte fjell, og venlege og rause folk. Dessutan er det ein utruleg stad å kome til med tanke på den rike kulturhistoria i området, seier Klevmoen.

Sjølv ser ho fram til å flytte inn i prestegarden frå 1800-talet. På seinsommaren kjem ho flyttande frå heimstaden Brumunddal, saman med hunden. Familien blir ikkje med på flyttelasset. – Eg trur på det å bu der ein er prest, så det har eg bestemt meg for, sjølv om familien blir buande i Brumunddal, seier Klevmoen.

– No bur eg i ein generasjonsbustad saman med den gamle mor mi, mann og barn. Eg har tre søner, men dei er store, og berre ein av dei bur heime. Difor er vi i ein periode i

livet der det er mogleg å gjere det slik. Det viktige for meg er at mannen min er med på dette, og det er han heldigvis, seier Klevmoen.

Ho legg ikkje skjul på at det blir uvant å bu åleine i den svære prestebustaden, og ynskjer seg difor masse besøk.

– Eg ynskjer at det skal vere ope hus for alle, både folk i bygda og utanbygds frå. Det er difor eg ynskjer å bu slik, og ikkje vel å bu i ein trong hybel. Men no kjem eg til eit stort tomt hus, så om nokon har møblar dei vil gje bort, får dei berre setja dei på stabburet, humrar den nye soknepresten.

Tradisjonen for å bruke prestegarden, er ein ho meir enn gjerne vil vere med på å bevare. Mellom anna håper ho å kunne halde fram med den populære julemarknaden, som det utflytta presteparet, Ola Døhl og Cecilie Oppedal, starta.

– Men for å få til det er eg heilt avhengig av at folk vil hjelpe meg. Saman skal vi få det til, tenker eg.

– Lokalsamfunnet i Vestre Slidre har mista ein kjær prestefamilie som dei var glade i – det har eg stor respekt for. Og her kjem eg som er berre ein. Det blir heilt klart ein overgang, både for meg og for dei eg skal tene for, men vi skal gå vidare saman. Saman blir vi det vi har lyst til å vere!

Berit Kristin Klevmoen byrjar i den nye jobben akkurat i tid til å få med konfirmasjonsleir i august, og til å bli litt kjend med konfirmantane før det.

– Det er noko eg gler meg veldig til, seier ho.

– Eg gler meg òg til å gå turar i fjellet, og til å gå forbi barnehagen, skulen, og butikken – ja, alt. Eg føler meg så heldig som har fått denne moglegheita, og får kome til Vestre Slidre. Og eg håper verkeleg folk vil kome på besøk, hjå meg skal døra alltid stå open! Og om eg ikkje er heime, skal det alltid stå ei kanne med kaffi på trappa, så det er berre å kome bortom og ta seg ein kopp, og ein kvil på trappa.

Verdig avslutning for presten vår

Sundag 12. januar var Slidredomen fullsett av folk som ville ta farvel med presten sin, Ola Døhl, då han heldt gudsteneste der for siste gong, og ved dette høvet assistert av prost Carl Philip Weisser.

Etter messeslutt stod kulturhuset ope for alle som ville vera med på avskilsfesten, arrangert av dei tre sokneråda i Vestre Slidre prestegjeld. Hit var det og mange som hadde funne vegen for å sjå både Ola prest og kona hans, doktor Cecilie, enno ein gong før dei drog til Vanylven på Nordvestlandet.

Festen vart opna av leiaren i Røn sokneråd, Stein Ivar Sørensen, som i eigen stil batt saman programmet. Det var mange som stod på talelista med takksemnd, godord og gåver. For alle var der; prosten i Valdres prosti, representantar frå gammalt og nytt sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, pilgrimsvegarbeidet, det frivillige ringekorpset, klokkarane, kyrkjeverga, kommunestyret, historielaget og kantoren.

Etter å ha sunge «Å leva det er å elska» og lydd til Røn Musikklag si framføring av «Introitus, Cantus e Finale» av Per Olav Paulsen, var tida komen for å takke Ola Døhl og kona hans, Cecilie Oppedal, og fortelja kor avhaldne dei er vortne gjennom åtte år i prestegjeldet vårt.

Fyrst ute var Johanna Fuglesteg med gåve frå sokneråda i Vestre Slidre og kyrkjeleg fellesråd. Det var eit kristneteppe, vove av Marit Anny Løken Tvenge. I tillegg hadde Johanna med seg eit julehandkle/handklefletting – kvitt - som skulde monterast på teppet der og då. «Du får turrprate lite til eg blir ferdig», sa ho til konferansieren. Han drog då fram ein quiz på ein papirlapp, kalla fram preste-paret og stilte dei mulige og umulige spørsmål, noko dei kom godt ut av, og til stor moro for publikum. Kristneteppeet vart så gjeve over til Ola og Cecilie med klar beskjed om at her måtte det samarbeid til når dei sjølve skulle montere julehandkledet i framtida.

Neste talar var prost Carl Philip Weisser. Han omtala Ola som ein engasjert formidlar; «når du brenn for noko, let du ikkje vera å seia det,» og nemnde Ola si store interesse for lærdom, særleg teologi, gjerne austleg, noko som mellom anna har resultert i nye liturgisk element, ikonet på nordveggen i Slidredomen og sidealtaret der, med Maria-ikonet. Vemodig, men takksam kom han med gåva frå prostiet; «Jordboka II» av Dag Jørund Lønning.



Emanuel, Ola, Cecilie og Natalie framfor kristneteppeet med julehandkle.

No som Ola skulle vera både prest og bonde var dette tingen, meinte han. Det blir tid for å granske jorda, byggje jordsmonnet og samstundes vende blikket opp mot Gud og mot kvarandre.

Til hjelp «inn i det kompostmoderne» gav han attpåtil ei greip ...

Engasjement og entusiasme var ord som gjekk att i mest alle talene om Ola. Det var stor semje om at han var uformell, blid og open, god å samtale med og flink til å skape godt samarbeidsklima for medarbeidarane sine. Gudstenestene var ofte prega av høg stemning i kyrkerommet, særleg på julaftan, sume gonger med trampeklapp etter preika. Lys i prestegarden, lys i vindaugo og i det store juletreet på tunet vart og nemnd ved fleire høve. Den vennlege legen og blide pasientar var gode ord til Cecilie.



Fint pynta bord.

Pilgrimprest Anne Hilde Øigarden fortalte at Ola hadde gått pilgrimsvegen saman med innsette frå Slidreøya til St. Tomaskyrkja på Filefjell, frivillig – ikkje ein – men fem gonger!

Som ektepar har dei gjort prestegarden levande ved å bu der, og gjennom arrangement som Tween Camp og Julemarknaden har dei fått god kontakt med barn og unge. Korleis vil det bli heretter?

Joan Homme kom med ei personleg helsing frå seg og ektemannen ved vakkert å framføre sangen «Min gut» av Stein Versto, og understreka at her gjaldt tittelen både Cecilie og Ola.

Vestre Slidre sanglag og Sør-Aurdalskoret song «You'll never walk alone/Vi går i lag med deg» av Richard Rogers, der meininga skulde vera klar.

Kantor Are Alund var siste talar og skildra på humoristisk vis samarbeidet mellom organist og prest; det var trygt og godt; han kjende seg som ein likeverdig samarbeidspartnar, både teologisk og musikalsk. Til tider kunne kvardagen likevel vera utfordrande av di dei var

to ulike personar med kvar sine meiningar, noko Are gav uttrykk for på ein slik måte at alle latterdørene i salen opna seg.

Som alltid når det er fest i Valdres var det raus traktering; rummegraut og spekemat, kaffe og kaker, velsmakande og i rikelege mengder.

Til slutt tok Ola Døhl ordet og takka for åtte fantastiske år. Det hadde vore eit eventyr. I Vestre Slidre hadde dei funne sitt «Soria Moria», og alltid hadde dei kjent seg heime og elska her. No var det berre slik at vinden bles vestover til Vanylven, og den måtte dei fylgje. Minnene herifrå ville dei ta med seg dit. Åra her har vore ei flott reise i både sorg og glede, men lyse dagar har det vore mest av, minstest han – og la til: «som ein smakebit av himmel og jord...»

Inntrykket vi sit att med, er at dette presteparet vil bli sakna lenge gjennom alt dei har vore som menneske, alt dei har gjort og fått i stand. Dei har oppnådd gode ting både i og utanfor kyrkja, og vil leta etter seg eit stort tomrom. Korleis det skal fyllast veit vi enno ikkje. Men takksame for det vi fekk, det er vi.



Drusteleg kakebord høyrer med!

Kjære Ola og Cecilie!

Det er faktisk ganske uvirkelig at dere skal reise.

Joan Homme brukte ordet sorg i Øyjar for to søndager siden, og det er faktisk slik at vi føler noe i den retning alle sammen. I den perioden dere har vært her, har vi i stab, sokneråd og kirke nesten følt oss på et slags vinnerlag! For dere har hatt så mye nytt og spennende å by på, og så mye energi å spytte inn! I tillegg har dere vært moderne, raffinerte og ressurssterke. Som få. Men det største av alt for kirka vår, er kanskje dette: Dere har vist oss noe om å behøve Gud, til tross for alt dere har, at mennesket behøver Gud i livet sitt selv om man har alt. At resultater faktisk kan bli annerledes med Gud som en del av det hele.

Å vise sine kunnskaper er jo en ting. Sin vellykkethet. Det kan mange ha behov for. Være flink til det og det og, men å vise at en trenger noe mer i livet sitt enn kunnskap om hverandre og denne verden, ja, det er jo å utsette seg og bli sårbar! Det har dere våget. Og ikke bare for spesielt interesserte, men for alt folket!

For det er jo som om kirka, og da mener jeg den offentlige kirka i Vestre Slidre, har rørt litt på seg og blitt litt mer tydelig for alle de siste år, enn på ei stund iallfall.- Det har knaket litt i sammenføyningene også, og dette har laget såpass til lyd at folk har snudd seg etter den lyden og flere enn før har lurt på hva som foregår. Vi har blitt *utfordret*, og ikke bare kunnet fortsette i vårt gamle og for mange kanskje ferdigtygde bilde av hva kirke eller Gud er eller kan være. Og det har blitt vanskeligere å overse kirka her i Vestre Slidre. Det har blitt vanskeligere å slå vitser om den, vanskeligere å ironisere.

Kirka er kanskje i ferd med å bli mer for folk flest enn f.eks.et middelalderbyggverk, eller en bygning vi er stolte av, med sin skjønnhet og sine ytre historiske fakta, eller vår barndoms kirke, eller et sted der våre sermonier foregår, eller et sted hvor noen få går til gudstjeneste. For dere skaper noe nytt her! Og hvis noen av oss trofaste gamle sliterne, som på så mange andre måter de siste 50 år har arbeidet hardt med å holde liv i og prøve å utvikle det åndelige livet i og rundt kirka, i og utenfor sokneråd, nå føler oss mer enn utfordret, ja så får vi nå anledning til å glede oss over alt dette nye, og alle dere nye som nå har fått et annerledes og forhåpentlig mer



Ola Døhl på prekestolen.

åpent forhold til kirka vår. Det blir spennende å se hvor veien tar oss videre.

Takk for at dere har sagt oss noe – på en stor scene – om at vi må hjelpe hverandre med å utvikle det religiøse mottakerapparatet i små mennesker, om de skal ha noe å møte det religiøse med som voksne.

Takk for at dere får ungdommer i tale og klarer å inkludere dem. For ministrantene som berører oss alle i sin høytidelige deltakelse.

Takk for at dere har sagt oss noe om høytid og likevel om å være midt i livet. At dere viser og sier noe om at vi er moderne mennesker, men likevel trenger en åndelig tilhørighet. Takk for at dere har gitt oss bilder på å feire en mer ekte og inspirert jul. Takk også for at dere har skapt nytt av gammelt, Ola. For det har da også gått ei kule varmt:

For hva slags liturgi er egentlig dette, og hva slags kirke

skal dette egentlig bli, har vi virkelig måttet spørre oss. Vi vil ikke miste kirka vår, sier noen. Denne kirka er faktisk mi, sier en annen. Eller: Dette er vel katolsk, nei ortodokst, nei papistisk. Hvorfor bruker han slike ord, undrer noen. Vi må visst lære oss noe nytt, som egentlig er gammelt. Vil vi det, og hvor stor skal Gud egentlig bli her? Presten gjør ting vi ikke forstår, og så endelig: *Hvorfor gjør han det?*

Kanskje er vi i utgangspunktet også et blygt folkeferd her, når det gjelder det religiøse. Kanskje snakker vi lite om det, gjemmer det heller i dypet av hjertet. Men det er der. Må det SÅ frem i dagen, liksom? Og så er det dette som gjør oss urolige- kanskje nettopp her i Hamar Bispedømme- : Dette gjør jo ikke bare Gud stor. Presten får jo på en måte og en utvidet rolle. (Det gjør vi forresten alle) Tåles det? I ei folkekirke?

Så det har vært utfordringer også, Ola. Og vi har vært nødt til å *tenke* over tingene. Men vi går altså ikke tomhendte hjem etter dine gudstjenester. Takk for næringsrik kost. Prekenene dine. Ja, lite er så godt forberedt som din og staben i Vestre Slidre sine gudstjenester, sier noen. Og det har vært spennende å være kirke i din tid. I alle ledd.

Mannen min og jeg feira jul i Vadstena i fjor, i den hellige Birgittas by i Sverige. Hva opplever vi så i den protestantiske kirka der på midnattsmessa julaften: jo, røkelse og ministranter som oppfører seg og utfører akkurat det samme som Ola har hatt for seg i katedralmessene sine i Slidredomen. Til og med den lille klokka under innstiftelsen. Den samme rekkefølge og bevegelsesmønster i midtgang rundt tekstlesing, den samme måte å berøke på. Så dette kan ikke Ola bare ha funnet opp i sitt eget hode. Det må være deler av den verdensvide kirka dette, årelange tradisjoner i kristenheten.

Vår tid trenger ikke bare mer høytid, det har også blitt nødvendig (og moderne!) å lære av hverandres kirker og ta tilbake elementer fra tidligere tider for å henvende seg til flere sanser i gudstjenestelivet. For vi trenger *opp-levelser!* Men også *kunnskap* om dem. Og kunnskap om hvorfor vi gjør det og det. Hvis prestene og kantorene virkelig forteller oss hva de vet, tror jeg vi hadde lyttet og funnet det interessant.

Takk for mot, Ola og Cecilie, for alt dere har turt å prøve, for alt dere har trodd skulle gå. Tweencamp i prestgards- hagen, julemarkedet. Cecilie: En makeløs evne til å få folk med seg, gi folk tillit og inkludere, i stedet for å



Prost Carl Philip Weisser og Ola Døhl.

skape motbølger. Det er jo bruer vi må ha! Takk for at dere sammen har evne til bruer. For at dere sammen rommer både det himmelvendte og det jordnære, både det høytidelige og det folkelige og derfor er et godt team!

Vi er blitt glade i dere, men nå må vi klare å slippe dere og gi rom for det nye. Vi er spent på hva som nå kommer i møte med oss. Hvilken prest som vil søke oss? Vi håper det blir en som har evne til å berøre menneskenes hjerter med mere enn seg selv. Og vi håper at vi sammen skal greie å bygge videre på noe av det arbeidet dere to og mange, mange andre her i Vestre Slidre gjennom mange og lange år har begynt, og på hver sin måte fullført, i sin tid.

Alt godt til dere på veien!

Det blir et stort savn. For vi er blitt berørte av dere.

I oss selv og i vårt innerste. Som er Gud.

Røn, 12.01.20

Trine Geicke Kolbjørnshus (direkte frå manus)

Skjærtorsdag

SKJÆRTORS DAG – ein innhaldsrik dag.

Sjølv om dei store hendingane i påska handlar om krossfestinga langfredag og oppstoda 1. påskedag, er ikkje skjærtorsdagen utan dramatik, den heller. Under påskemåltidet denne kvelden vert læresveinane sett i ekse, og seinare på kvelden høyrer vi om blod-pengar og svik, sovande disiplar, fornektning og på-gripping.

DET SISTE MÅLTIDET

Skjærtorsdag møtest Jesus og disiplane i Jerusalem for å feire pesach – jødisk påske. Ved dette høvet vaskar Jesus føtene åt læresveinane, og navnet skjær-torsdag kjem rimelegvis frå det gamalnorske ordet «skira», som tyder rensing. Fotvasking er difor blitt eit symbol på kristen nestekjærleik.

svika han denne kvelden, og at ein annan kjem til å forneakta han, og kven dette er, det veit han. Som rimeleg kan vera, vert læresveinane svært opprørde av dette. Judas Iskariot spring sin veg, og Peter uttrykkjer sterkt at om alle andre skulle svikte, så skal han stå trufast og stødig hjå Jesus.



Leonardo da Vinci sitt bilete «Det siste måltidet», frå ca 1498, syner tydeleg opprørde læresveinar rundt bordet, med Jesus i midten.

JUDASKYSSET

Vi veit korleis det gikk. Etter måltidet går dei til Getsemanehagen, der Jesus bed til Gud om å få letna



Kristus i Getsemanehagen av Heinrich Hofman 1890 og «Judaskyss», freske frå St. Clements krk, Skopje, Makedonia.



Brød og kalk, foto av Jarle Mong.

NATTVERDEN

Menyen er enkel; usyra brød og vin. Medan dei held måltid, tek Jesus eit brød, takkar, bryt det, gjev det til læresveinane sine og seier: Dette er mitt kjøt, ta dette og et det til minne om meg. Likeeins tek han kalken etter måltidet, let alle disiplane drikke av han, og seier: Dette er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk. På denne måten innstiftar han nattverden.

Medan dei et, fortel Jesus at ein av dei vil koma til å



påkjenningane han skal gjennom, medan disiplane søv. Når soldatane kjem, viser Judas dei kven Jesus er ved å gå fram og kysse han, noko han hadde fått tretti sølvpenigar for. Slik vert Jesus pågripen. Omgrepet «Judaskyss» er framleis i bruk om det ultimate svik.

HANEN

Etter at Jesus vart teken til fange, fylgde Peter etter for å sjå kva som hende. Medan han stod og vermdde



seg ved eit bål blånekta Peter på spørsmål om han kjende Jesus – ikkje berre ein gong, men tre! – akkurat som Jesus hadde spådd. Då hanen gol den morgonen, snudde Jesus seg og såg på Peter og augo deira møttest. Då sansa Peter seg og gret sårt.



BLODPENGANE

Judas angra på det han hadde gjort, og prøvde å levere frå seg pengane han hadde fått av øvstepresten, men korkje han eller nokon andre av Jesu fiendar ville ta i mot dei, ettersom dei no vart sett på som ureine blodpengar og difor ikkje kunne leggjast attende i tempelkassa. Ingen vilde lenger ha noko med han å gjera. Judas heiv då pengane i frå seg og gjekk bort og hengde seg.



Judas blir betalt – Capella dei Scrovegni – Padua 1306

Med desse hendingane til endes, grydde morgonen til langfredag.

Nå brytes livets brød – pasjonssalmen «O Herre, la mitt øye»

Det har vore lange tradisjonar i den norsk-danske salmehistoria for å skrive salmar som har fokusert på Jesu lidning og død, dei såkalla *pasjonssalmane*. Den fremst diktaren er kan hende Thomas Kingo. Ein annan kjend salme er «Den stunda i Getsemane». Felles for mange av desse salmane er at dei fokuserer på Jesu smerte og lidning, og at mennesket for all tid må hugse kva frelsaren har lide, i så stor grad at nokon kvar i dag kan synest at dei er litt ubehagelege. Beskrivande er i så måte tredje strofe frå «Den stunda i Getsemane», «Av kjærleik der du sveitta blod :/ av kjærleik der du bad, :/ av kjærleik skjelvande du stod, :/ så eg går frelst og glad.»

Med salmen «O Herre, la mitt øye» skriv Svein Ellingsen seg inn i denne tradisjonen, men han skriv ein pasjonssalme med eit språk som er meir varsamt:

*1. O Herre, la mitt øye
få se mens mørket rår,
hvor dypt du vil deg bøye
inn under våre kår.*

*2. Det er vår egen time,
vi står ved mørkets port
og ser den siste strime
av jordisk lys dø bort.*

*3. Inn i vår død du skuer
den endeløse stund
da angstens flammer luer
i natten uten bunn.*

*4. Vår død til liv du vender
når du for oss vil dø.
Du er i våre hender.
Nå brytes livets brød.*

*5. Jeg ser deg stå forkommen
og dømt mens verden ler.
Men Jesus, under dommen
mitt eget segl jeg ser.*

*6. Ja, jeg har voldt deg pine,
men du vil be for meg.
Du nevner meg blant dine.
i mørket ser jeg vei.*

*7. Din korsvei skal jeg finne.
Du møter meg på den.
Din kjærlighet skal vinne
mitt tapte liv igjen.*

*8. O Herre, du vil bære
ditt kors i alles sted.
Deg være evig ære!
Du er vårt liv, vår fred.*

I dei tre fyrste strofene er vi både vi og Jesus plassert i eit mørker. Det er ikkje godt å seie kva for mørker det er – kanskje er det Getsemanehagen? Eller kanskje er det det andelege mørket. Eller tyder uttrykket «mørkets port» der «den siste strime av jordisk lys dø bort» at det handlar om døden? Eller kanskje alt dette på ein gong. Salmisten bed om syn i mørket, syn for kva Jesus går gjennom for mennesket si skuld, og han skildrar korleis mørket tek over. Det finst rett nok eit lys, men berre eit bål av «angstens flammer» i «natten uten bunn».

I den fjerde strofen kjem eit vendepunkt, der det blir klart at menneskets død blir gjort til liv fordi Jesus vil døy for oss. Dette er klassisk kristen teologi, og Svein Ellingsen er på ingen måte den fyrste som har formulert dette i ein salme. Men han oppsummerer det i ein av dei mest elegante og innholdsmetta salmefrasane eg kjenner til: «Du er i våre hender. Nå brytes livets brød.» Her seier han alt på ein gong. Jesus gjev seg over i menneska sine hender – slik han bokstavleg tala gjer det i kvar einaste nattverdsfeiring. Jesus, som er livsens brød, blir overgjeven og broten sund i menneskehender – og slik vender han menneskets død til liv.

Neste strofe skildrar Jesus for Pilatus, dommen og folkemengda som hånar han. Salmisten ser sjølv sitt eige segl under dommen, han har vore med på skrive under på han. Men likevel har han håp, for Jesus vil be for han, slik han bad for fiendane sine og framleis er den som syng, rekna som ein av Jesus sine. I nest siste frase støter vi på omgrepet «korsvei». Dette er tradisjonelt eit katolsk omgrep, brukt om ein serie med 14 bilete som skal hjelpe den truande til å meditere over Kristi lidning, men også om via dolorosa, Jesu veg frå borgen i Jerusalem og opp til Golgata. I denne salmen ser det ut til at salmisten ser for seg at Jesus skal kome han i møte slik han gjorde med Emmaus-vandrarane og få han til å forstå kva som har skjedd; at Guds kjærleik har gjeve mennesket livet attende.

På ein folketone frå Jølster, ein roleg, vakker og alvorleg melodi, tek salmen oss, i korte, vare formuleringar gjennom heile lidingssoga, ein eigen beskjeden korsveg. Frå mørket og angsten i Getsemane og det siste måltidet, via dommen for Pilatus og via Dolorosa opp til Golgata. Heile tida med det underliggjande perspektivet at Jesus døyr for kvart einskild menneske sine synder. Og kvar gong vi feirer nattverd og «bryter livets brød» får vi del i dette. Som eit ekko av 1. påskedag oppsummerer den siste strofen: «Deg være evig ære! Du er vårt liv, vår fred.»

BARNESIDE




A) FARGELEGGINGSOPPGÅVE med spørsmål.

1. Kven ser du på bildet?
2. Kvar er han på veg?
3. Kva rir han på?
4. FARGELEGG BILDET

C) JUNIORGENIET


Er du juniorgeni? Svar på spørsmåla og finn ut!

1. Kva heiter kronprinsen i Danmark?
2. Kven vert brått «lita som ei teskei»?
3. Kan det bli jordskjelv i Noreg?
4. Kor lenge varar den lengste fengselsstraffa i Noreg?



E) PÅSKE-SUDOKU

Teikn inn egg i dei tomme rutene slik at det blir eit egg av kvar slag på kvar line.



B) PÅSKEKRYSSORD

Det mørkegule feltet loddbeint til venstre skal danne eit ord, og det er berre vassbeinte liner som skal fyllast ut.

1. Når det regnar brukar ein...
2. Lang fisk
3. På føtene om vinteren
4. Påskedrikk
5. Boks
6. Tøys
7. Fugl som uler om natta
8. Sita på hest



D) LABYRINT

Hjelp påskeharen med å levere egget til den tomme korga.

Svar på side 12

Sommarkonsertar i Slidredomen

Kyrkja i Vestre Slidre inviterer til totalt tre konsertar i Slidredomen i løpet av sommaren.

Tysdag 23. juni, 20.30

er kyrkja vertsskap for kveldskonserten «Chaconne» i regi av Valdres sommersymfoni. Her får vi besøk av eit stjerne-lag av musikarar, mellom anna begge dei to kunstneriske leiarane for konserten, Guro Kleven Hagen (fiolin) og Marianna Shirinyan (klaver). Programmet på årets sommersymfoni er inspirert av årstidene, veret og naturen. På konserten i Slidredomen får vi høyre musikk av Ludwig van Beethoven, Georg Friedrich Händel, Maurice Ravel og Krzysztof Penderecki. Kyrkja i Vestre Slidre er glade for at sommersymfonien ynskjer å nytte kyrkja vår til konsert på eit internasjonalt nivå.

Billetter: 350,-/170,- kan bestillast på www.sommersymfoni.no

Tysdag 20. juli, 19.00

blir det konsert med gitarist Simen Kjærødalen frå Bergen. Simen er både poet og gitarist, og han komponerer musikk for mandola, lutt og gitar. Han har vore med og grunnlagt ensemblet «Kammerpoetane». Denne kvelden i Slidredomen vil han framføre sine egne komposisjonar,



Simen Kjærødalen



24 stykker for luttstemt gitar, musikk som inngår i ei større samling som heiter «Tristans harpe». Simen seier sjølv om musikken at han er «kontemplativ, høgstemt og stille, og har klangbotn frå eit halvt årtusen med musikkhistorie for luttinstrumenter, frå mellomalder til impresjonisme».

Gratis inngang, kollekt ved utgangen.

Sundag 9. august, 19.00

blir det konsert ved Helena Wright (fiolin) og Are Alund (orgel). Dei vil framføre musikk både saman og kvar for seg. Programmet vil vere basert på musikk frå 1800- og 1900-talet, komponert for fiolin og orgel. Musikken er hovudsakleg av nordiske komponistar som Otto Olsson, Conrad Baden, Erland von Koch, Klaus Egge og Trond Kverno, men vi får også høyre noko musikk frå andre land. Dei vil framføre mykje av musikken saman, men også noko kvar for seg.

Gratis inngang, kollekt ved utgangen.

Hjartleg velkomne til konsertar i sommar

SVAR (på oppgåvene frå side 11)

A: 1. Jesus, 2. til Jerusalem, 3. eit esel.

B: 1. paraply, 2. ål, 3. ski, 4. kakao, 5. eske, 6. tull, 7. ugle, 8. ri

C: 1. Kronprins Frederik, 2. teskeikjerringa 3. ja, 4. 21 år



Rekneskap for Kyrkjebladet 2019

Rekneskapet ser mykje betre ut enn i fjor. Vi er så takksame for alle gåver vi har motteke – som no gjer utslag i eit pent overskot! Namn på gjevare kjem i eit seinare nummer.

Utgifter		Inntekter	
Oppsett og trykk	36 800,-	Refusjon andre	15 000,-
Utkjøring	12 000,-	Gåver	55 631,-
	58 800,-		70 631,-

Avsett til fond kr. 21.831,-

Lyrikk og musikk i Røn kyrkje

Sundag 3. mai kl 19.00 ynskjer Trine Geicke Kolbjørnshus og Are Alund velkomne til konserten «Å kjenne seg att – det store i det vesle» i Røn kyrkje. Are har funne fram den første orgelnoten han kjøpte seg for eigne pengar, samlinga *Acht kleine Präludien und Fugen* av Johann Sebastian Bach, og vil framføre samlinga på orgelet i Røn. «Eg hugsar at eg kjøpte noten då eg var på 10. klassetur i Oslo», fortel han. «Eg håpa å kome inn på musikklinja, så eg slepte med meg to kameratar inn på notebutikk og fann denne.» Are fortel vidare at samlinga består av 8 ganske korte stykke og at samlinga nok er av dei aller mest spelte i orgellitteraturen. Den svenske orgelprofessoren Hans Fagius seier at «Ein kan førestille seg korleis mange forhåpningsfulle nybyrjarar har mishandla desse små perlene, men også korleis atskillege har fått si fyrste store oppleving ved orgelet med denne musikken, musikk som kling slik orgelmusikk skal klinge.» Musikken er, trass i det vesle formatet, lett å både høyre og like. Samlinga gir eit breitt spenn i uttrykk og stemningar, og passar godt på orgelet i Røn.



Mellom dei åtte stykka vil Trine Geicke Kolbjørnshus, inspirert av musikken, framføre lyrikk av forfattarar som Andre Bjerke, Jon Fosse, Trygve Bjørge, Hans Børli, Martin Lønnebo, Tomas Tranströmer og Simone Weill. Dikta seier på ulikt vis noko om korleis vi heile tida er undervegs som menneske, i vår vandring over jorda. Målet for konserten er at tekst og musikk skal verke saman, og verke både kjend og framand, og ein kan nærme seg den kjensla Jon Fosse skriv om:

I
eit andlet opnar seg
over sjøen
fjella
og bakkane eit andlet opnar seg
med skyer og vind i håret eit andlet opnar seg

stort som himmelen
og ser på oss med augo av stjerner
der vi sit i husa våre
i båtane våre
og ikkje ser
det store andletet
i oss

II
det store andletet bøyer seg ned
mot oss
og andar sin vind
inn i oss
og vi andar og andar
det store andletet
og vi skjønar
sjølv om vi ikkje ser

Utstyrsbua i Vestre Slidre

Friluftsliv er ein viktig del av livet i Vestre Slidre. For å hjelpe alle innbyggjarar til å bruke naturen har vi laga «Utstyrsbua».

Vil du på telttur med familien, så kan du låne telt (superlett lavvo), liggeunderlag, soveposar (med vaskbar lakenpose), primus, kjelesett, fiskesaker og store ryggsekkar i Utstyrsbua.

Er du i tvil om dei neste skia dine skal vere felleski? Då kan du låne av oss.

Eller kanskje har du rett og slett ikkje råd til ny sykkel akkurat no. Då kan du låne ein i Utstyrsbua.

Vi har og nyleg kjøpt inn ein fullt utstyrt pulk, telt og vintersoveposar – så vil du på tur i vinter så ta kontakt!

Utstyret vi har her kan lånast og brukast av alle som ynskjer det med bustad- eller hytte, i Vestre Slidre.



Du finn oss i bankbygget i Slidre, men kontakt oss per telefon 91598885, eller på Facebook sida til Frivillig-sentralen: <https://www.facebook.com/VestreSlidreFrivillig-sentralPlassen>

KYRKJELEGE HANDLINGAR

November 2019 – februar 2020

Døypte:	Røn sokn:	17. november 2020	Embrik Strand (døpt i Volbu sokn, høyrer til Røn sokn)	
		17. november 2020	Iver Tveit Ulven (døpt i Høre sokn, høyrer til Vang sokn)	
		16. februar 2020	Felix Gullhaugen (Busett i Ringsaker)	
Jordfesta:	Slidre sokn:	13. desember 2019	Marit Liborg Hambro	f. 1939
		4. februar 2020	Kari Synnøve Moe Nevland	f. 1952
	Røn sokn:	3. januar 2020	Arne Egil Dyvesether	f. 1948
		10. mars 2020	Monika Evers Paasche	f. 1944
			(Øyar kapell)	
	Lomen sokn:	10. januar 2020	Olav Ivar Viste	f. 1929

Til tjeneste for folkekirken



Hamar bispedømmeråd 2020 - 2023



«Et menneske uten gudsfølelse – nei, det tror jeg ikke eksisterer.»

Innlandsdikteren Hans Børli setter ord på det mange av oss opplever, og som vi stadfester gjennom dåpen. Åtte av ti innbyggere i Innlandet er døpt, og med det medlemmer i Den norske kirke.

Hamar bispedømmeråd vil at folkekirken i Hamar bispedømme skal være for deg og meg; hellige rom for alminnelige liv.

Takk for tilliten dere har vist oss.

Hamar bispedømmeråd
Gunhild Tomter Alstad, leder (Åpen folkekirke)
Inger Kragh Nyhus, nestleder (Nominasjonskomiteens liste)
Finn Ragnvald Huseby (Åpen folkekirke)
Iselin Vistekleiven (Nominasjonskomiteens liste)
Lisbeth Sydbøge (Åpen folkekirke)
Trond Rønning (Bønnelista)

Årets konfirmantar:

Slidredomen 30. mai kl. 10.00:

Ingrid Saxegård Olsen
Martin Svanheld Hippe
Jostein Tveit Myrvold
Steffen Lyngstad
Ingrid Johanne Solheim
Vilde Vik Hamre
Riss Nakimana
Frida Leanne Rogn
Amund Olsen Johme

Lomen kyrkje 30. mai kl. 12.00:

Marit Ingeborg Garvik
Halvor Hamre Sjøenden
Marte Garvik
Ingrid Myrvang
Jan Monsen

Røn kyrkje 31. mai kl. 10.00:

Håkon Haugli Lasskogen
Simen Eng Lagrud
Markus Hauglund Øyen
Julie Øen Tvenge
Maja Rying
Luka Dominik Vladovic`

Røn kyrkje 31. mai kl. 12.00:

David Jacobsen
Simen Eng Dalbø
Sigurd Andris Sørensen
Kathrine Solly Tjernslien
Anne Elisabeth Roos
Frank Johan Bring

Korona-konsekvensar for kyrkjelivet i Vestre Slidre

Koronaviruset set avgrensingar for den kyrkjelege aktiviteten i Vestre Slidre framover.

Leiinga i kyrkja i Vestre Slidre vel å følgje råd frå biskopen, og avlyser gudstenester, kyrkjelege handlingar og andre kyrkjelege arrangement, i første omgang frå 13. mars til og med palmesøndag 5. april. Dersom avgrensinga blir utvida, kjem ny beskjed på nettsida www.kyrkja.no/vestre-slidre og facebook-sida til kyrkja i Vestre Slidre.

Dette betyr at fram til 5. april blir gudstenester, baby-song og konfirmantundervisning avlyst.

- Gravferder vert gjennomført, men det er maksimalt 50 personar som kan vera tilstades.
- Planlagt dåp blir også gjennomført, maksimalt 15 pesonar kan vera tilstades.

Vi oppmodar alle som treng kontakt om å nytte telefonen, e-post eller facebook, og avgrense oppmøte på kyrkjekontoret. Det vil vere begrensa opningstider på kontoret, dei tilsette vil i stor grad nytte seg av heimekontor.

Vi kan kontaktast slik:


Kyrkjekontoret: Sjå baksida av bladet.

Fellesrådsleiar Aslag Hamre: mobil 950 58 009.

E-post: post@aslag.no

Prost Carl Philip Weisser: mobil 915 55 504

E-post: cw478@kirken.no



Høyr gjerne på gudstenester på www.nrk.no og «Plussord» på facebook der Egil Svartdal har korte godord kvar dag.

Sundagsskuleskirenn ved Lomen kyrkje 9. februar

Det såg mørkt ut for skirennet denne sundagen, det regna og lite minna om vinter. Men, med moderne ski og utstyr går det fint å arrangere skirenn i pøsregn!

Leif Homme måtte ein tur til heimbygda si, han hadde skaffa verdige vikarar i Marit Røvang og Nils Garvik.

Deltakinga var ikkje all verda, det var handballturnering for same aldersgruppe denne helga. Det var åtte deltakarar, alle fekk diplomar og premie.

Dette var det 37. sundagsskuleskirenn i rekkja, så ein stor takk til Leif Homme for kjempestort engasjement og stå-påvilje i så mange år.



Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vere frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til: Torgeir Før's minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller e-post: torgeirforsminne@yahoo.no

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er stengt for besøk inntil vidare. Ta gjerne kontakt på telefon!

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjevevjerje	vk766@kyrkja.no
Are Alund	99734175	Kantor	are.alund@gmail.com
Geir Kongslie	61345098	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kirken.no/vestre-slidre>
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

God påske frå redaksjonen!

Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørensen, Are Alund, Veslemøy Kvamme, Anne Karin Ruud Truberg, Per Olav Eide

Me legg giro i bladet denne gongen, håpar de vil gje!

Kyrkjebladet har fått eige e-post: vskyrkjeblad@gmail.com

Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!




VASET

- helt i nærheten



Vaset - 2960 Røn



Volden i Valdres

lager høykvalitetsskjøkken av
heltre til eneboliger og hytter

2960 Røn
Tlf. 61 34 47 22



Takk til annonsørane for støtte til kyrkjebladet!